

Landsmøtet Noregs Ungdomslag 2023

Oslo 29.-30. april



Sak 1 Konstituering

VEDLEGG:

- Framlegg til sakliste
- Framlegg til tidsplan
- Framlegg til forretningsorden

SAK 1.1 VAL AV SKRIVARAR

Framlegg til vedtak:

Kulturrådgjevarane Solveig Brekke Hauknes, Christoffer Knagenhjelm og Mona Husby blir valt til skrivarar.

SAK 1.2 VAL AV ORDSTYRAR

Framlegg til vedtak:

Benjamin Myrstad og Synnøve Bryde

SAK 1.3 GODKJENNING AV INNKALLING

§4.1 i lova til Noregs Ungdomslag seier følgjande: "Styret i Noregs Ungdomslag kallar inn til landsmøte kvart år. Førebels sakliste skal sendast ut 3 månader før landsmøtet. Omframt landsmøtet vert halde når landsmøtet eller styret vedtek det, eller når 1/3 av fylkeslaga krev det. Endeleg sakliste og sakspapir skal sendast ut 1 månad før landsmøtet."

Innkallinga til det digitale landsmøtet, med førebels sakliste, vart sendt ut elektronisk til alle lokal- og fylkeslag 28. januar, og samtidig publisert på www.ungdomslag.no.
Endeleg sakliste med sakspapir vart lagt ut på NU sine heimesider 29. mars og blei samtidig sendt elektronisk til dei utsendingane som var påmeldt innan påmeldingsfristen.

Innkalling og sakspapir er sendt ut innanfor dei fastsette fristane.

Framlegg til vedtak:

Innkallinga blir godkjent.

Landsmøtet Noregs Ungdomslag 2023

Oslo 29.-30. april



SAK 1.4 GODKJENNING AV SAKLISTE

§4.2 b) i lova til Noregs Ungdomslag seier følgjande: "Gjennom lokallag og fylkeslag kan medlemmene kome med framlegg om saker til landsmøtet. Sakene med grunngjeving må vere melde skriftleg til styret i Noregs Ungdomslag seinast 8 veker før landsmøtet".

I den førebelse innkallinga som vart sendt ut 28. januar, vart laga gjort merksame på at fristen for å melde inn saker og/eller lovendringsframlegg var sett til 28. februar. Styret har motteke ei innmeldt sak innan fristen.

Framlegg til vedtak:

Styret sitt framlegg til sakliste blir godkjent.

SAK 1.5 GODKJENNING AV FULLMAKTER

Innstillinga blir lagt fram under opninga av landsmøtet.

SAK 1.6 GODKJENNING AV TIDSPLAN OG FORRETNINGSORDEN

Framlegg til tidsplan og forretningsorden ligg ved.

Framlegg til vedtak:

Tidsplan og forretningsorden for landsmøtet blir godkjent.

SAK 1.7 VAL AV REDAKSJONSNEMNDER

Innstillinga blir lagt fram under opninga av landsmøtet.

Framlegg: Landsmøtet vel følgjande redaksjonsnemnder:

(kjem på møte)

SAK 1.8 VAL AV TELJEKORPS

Framlegg til vedtak:

Kontoret i Noregs Ungdomslag blir valt til teljekorps.

Landsmøtet Noregs Ungdomslag 2023

Oslo 29.-30. april



SAK 1.9 VAL AV PROTOKOLLUNDERSKRIVARAR

Innstillinga blir lagt fram under opninga av landsmøtet

Landsmøtet Noregs Ungdomslag 2023

Oslo 29.-30. april



Framlegg til sakliste

1. KONSTITUERING
 - 1.1. Val av skrivarar
 - 1.2. Val av ordstyrarar
 - 1.3. Godkjenning av innkalling
 - 1.4. Godkjenning av sakliste
 - 1.5. Godkjenning av fullmakter
 - 1.6. Godkjenning av tidsplan og forretningsorden
 - 1.7. Val av redaksjonsnemnder
 - 1.8. Val av teljekorps
 - 1.9. Val av protokollunderskrivarar
2. ÅRSMELDING 2022
3. REKNESKAP 2022
4. KONTINGENTSATSAR FOR 2024-2025
5. LOVENDRINGSFRAMLEGG
6. FRÅSEGNER
7. INNKOMNE SAKER
(Gjen)opprett folkedansrådet i Noregs Ungdomslag! (Framlegg frå Eidsiva fylkeslag)
8. VAL
 - 8.1. Val av leiar
 - 8.2. Val av styre og arbeidsutval (AU)
 - 8.3. Val av revisor
 - 8.4. Val av valnemnd

Landsmøtet Noregs Ungdomslag 2023

Oslo 29.-30. april



Utkast tidsplan

Laurdag

- 08.15-09.00 Registrering av utsendingane
09.00-10.30 Kulturelt innslag, opprop og opning
 Sak 1 Konstituering
 Leiaren sin tale
 Sak 2 Årsmelding 2022
 Sak 3 Rekneskap 2022
 Inspirasjonsføredrag
10.30-11.00 Kaffipause
11.00-13.00 Sak 4 kontingent
 Sak 5 Lovendringsframlegg
 Sak 6 Innkomne saker frå laga
 Sak 7 Fråsegrer (presentasjon og debatt)
12.00-13.00 Lunsj
13.00-16.00 «Sirkeltrening» om Immateriell kulturarv
16.00 Slutt for dagen
18.00-20.00 Landsmøtemiddag
20.00-01.00 Landsmøtefest

Søndag

- 09.30 Leiar ynskjer velkomen til ny dag
09.30-10.00 Føredrag Immateriell kulturarv
10.00-11.00 Panelsamtale Immateriell kulturarv
11:00-11.30 Kaffipause og utsjekk
11.00-14.00 Inspirasjonsføredrag
 Sak 7 Fråsegrer (vedtak)
 Sak 8 Val
 Sak 10 Val
14.00-15.00 Lunsj
15.00 Vel heim

Landsmøtet Noregs Ungdomslag 2023

Oslo 29.-30. april



Framlegg til forretningsorden

ORDSTYRARAR

Til å leie møtet vert det vald 2 ordstyrarar.

VEDTAKSPROTOKOLL

Generalsekretæren fører protokoll frå landsmøtet. I protokollen skal det berre førast namnet på dei som deltek i debatten, framlegg, namna på dei som kjem med framlegg, røysteresultat og endeleg vedtak. Landsmøtet skal velje to til å skrive under møteprotokollen.

INNLEGG

Utsendingar som ynskjer ordet må gje teikn om dette ved å vise tildelt nummerskilt (røysteteikn). Landsmøtet vedtek ev. avgrensingar i taletid på enkeltsaker.

REPLIKKAR

Til kvart innlegg kan det bli gitt maksimalt 2 replikkar og 1 svarreplikk.

TIL SAKSFØREHAVINGA

Dersom utsendingane har merknader til saksgangen i møtet, kan ein ta ordet til saksførehavinga.

FRAMLEGG

Framlegg skal leverast skriftleg til ordstyrarane, underteikna med vedkomande sitt namn, og namnet på laget vedkomande er utsending frå. Etter at det er sett strek i ei sak, er det ikkje lenger høve til å kome med nye framlegg eller trekkje attende framlegg som tidlegare er sett fram.

FRISTAR FOR FRÅSEGNER

Frist for å levere skriftlege framlegg til nye fråsegner og endringsframlegg til fråsegner må leverast innan kl. 18.00 laurdag. Tema for fråsegna må ha vore presentert i debatten.

RØYSTEMÅTAR

Når saker skal avgjera gjeld vanleg fleirtal, med unntak av lovendringar der det skal vere 2/3 fleirtal. Når det blir sett fram krav om røystemåten, avgjer landsmøtet dette ved røysteteikn. Eit val skal vere skriftleg når nokon krev det, og alltid når det er gjort framlegg om fleire enn det som skal veljast.

Landsmøtet Noregs Ungdomslag 2023

Oslo 29.-30. april



VAL

Dersom det er røysta på fleire enn to ved val av leiar, skal det vere omval når ingen har fått meir enn halvparten av røystene, til dess det er berre to å velje mellom. Får desse to likt røystetal, blir valet avgjort med loddtrekning. Dersom det blir røysta berre på to leiarkandidatar og begge får like mange røyster skal det vere omval. Er røystetalet likt andre gongen, blir valet avgjort med loddtrekning. Ved dei andre vala er dei valde som får flest røyster

OPPTELJING AV RØYSTER

Blanke røystesetlar eller røystesetlar som tyder på at ein ikkje vil ta stode til val eller sak, skal teljast opp og vere med i utrekningsgrunnlaget for saker som krev kvalifisert eller absolutt fleirtal. Blanke røystesetlar eller tilsvarande røystesetlar tel ikkje i saker som krev vanleg fleirtal.

Landsmøtet Noregs Ungdomslag 2023

Oslo 29.-30. april



Sak 2 Årsmelding

VEDLEGG:

Styret si årsmelding for 2022 (eige hefte)

Vedlagt i eige hefte ligg styret si årsmelding for arbeidsåret 2022, som i år er eit kombinert medlemsblad og årsmelding, og har blitt sendt ut til alle husstandar med medlemmar frå 14 år.

Framlegg til vedtak:

Landsmøtet godkjenner årsmeldinga for 2022.

Landsmøtet Noregs Ungdomslag 2023

Oslo 29.-30. april



Sak 3 Rekneskap

VEDLEGG:

Rekneskap 2022, med revisjonsmelding (i årsmeldingsheftet)

Komplett årsrekneskap med revisjonsmelding for 2022 ligg vedlagt, trykt i same heftet som årsmelding. Rekneskapen er sett opp etter eit standard rekneskapsoppsett, men med meir utfyllande notar enn det som er påkravd.

Budsjettet som styret vedtek kvart år er basert på rammebudsjett vedteke av landsmøtet 2022 og sett opp etter same mal som prosjektrekneskapen i note 2.

Den endelige rekneskapen er gjort opp med eit overskot på kr 118 227,-, noko som er kr 179 682,- betre enn revidert budsjettet.

Noregs Ungdomslag hadde høgare aktivitet i 2022 enn i dei to åra før, som har vore prega av pandemien. Det har gitt høgare kostnader til kontordrift og reiser. Det samme gjeld kostnadane knytt til landsmøte, landsrådsmøtet og styremøter. Den ekstra ressurstilføringa NU har hatt dei siste åra, har betydd både at organisasjonen har fått bygd seg opp ein større eigenkapital, og at vi samtidig har hatt ressursar til å satse ekstra på ein del tiltak som vi til vanleg ikkje hadde hatt midlar til.

Når det gjeld kurs, aktivitetar, prosjekt og satsingar var budsjettet meir ambisiøst enn ein greidde å gjennomføre. Ubrukte prosjektmidlar er overført til 2023 slik at ei også i år har litt betre handlingsrom til å auke aktiviteten.

Medlemsinntektene er 47 548,- over budsjett, men medlemstalet har gått ned i pandemiåra. Dette har snudd, men ein må arbeide for å kome tilbake til det nivået medlemstalet var i 2019. Saman med auka generelt løns- og kostnadsnivå vert det viktig å ha god økonomistyring arbeide for å auke inntektene i åra framover.

Framlegg til vedtak:

Landsmøtet godkjenner årsrekneskapen for 2022, som viser eit overskot på kr. 118 277,-. Overskotet vert lagt til eigenkapitalen.

Landsmøtet Noregs Ungdomslag 2023

Oslo 29.-30. april



Sak 4 Kontingentsatsar 2024-2025

Medlemspengane for Noregs Ungdomslag vert fastsett på kvart andre landsmøte, for dei påfølgjande to åra. Kontingentsatsane i Noregs Ungdomslag har dei siste 10 åra vore slik:

- Kontingent per medlem under 26 år: kr 95
- Kontingent per medlem over 26 år: kr 190
- Kontingent for lokallag kr 1200
- Kontingent for lokallag med 0-4 medlemmer kr 2200
- Kontingent for huslag kr 3500
- Direktemedlemsskap, medlemmer under 26 år kr 150
- Direktemedlemsskap, medlemmer over 26 år kr 300

Etter utgrieing av kontingentmodell i kontingentutval gjorde landsmøtet 2021 dette vedtaket:

A.

1. Noregs Ungdomslag endrar ikkje kontingentmodellen.
2. Noregs Ungdomslag skal tilby eit sentralt innkrevjingssystem for dei fylkeslaga/laga som ønskjer det.
3. Noregs Ungdomslag skal legge til rette for og informere om personvernlovgiving, slik at alle fylkes- og lokallag har grunnlag for å følgje lovverket.
4. Noregs Ungdomslag skal følgje opp vedtak frå 2016 og finne ut korleis redusert kontingent for medlemmer som er medlemmer i fleire lokallag kan innførast.
5. Noregs Ungdomslag skal ikkje ha redusert medlemskontingent for medlemmer som også er medlemmer i Norges Idrettsforbund.

B: Satsane for 2022-2023 blir dei same som for 2020-2021.

Framlegg til vedtak:

Satsane for 2024-25 blir dei same som for 2022-23.

Landsmøtet Noregs Ungdomslag 2023

Oslo 29.-30. april



Sak 5 Lovendringsframlegg

ENDRING AV §3 MEDLEMSKAP

Den lokale ankeinstansen for eksklusjonsvedtak har ramla ut av paragrafen under tidlegare lovendringar. Framlegg til endring er merka med gult.

Dagens tekst:

4. Dersom ein medlem medvite motarbeider føremålet til organisasjonen, eller ikkje vil rette seg etter lover og føresegner, kan lokallaget ekskludere vedkomande som medlem. Slike avgjerder kan ankast til styret i fylkeslag og styret i Noregs Ungdomslag.

Framlegg frå styret:

4. Dersom ein medlem medvite motarbeider føremålet til organisasjonen, eller ikkje vil rette seg etter lover og føresegner, kan lokallaget ekskludere vedkomande som medlem. Slike avgjerder kan ankast til **årsmøtet i lokallaget**, styret i fylkeslaget og styret i Noregs Ungdomslag.

Landsmøtet Noregs Ungdomslag 2023

Oslo 29.-30. april



Sak 6 Fråsegner

Ei fråsegn kan ha ulike funksjonar i ein organisasjon. Det kan t.d. ha form som ei pressemelding eller ein politisk uttale i ei sak, som blir sendt til ulike instansar. Ei fråsegn kan også ha funksjon som politikkutforming, for å utforme eller stadfeste politikk i ulike saker. Ei fråsegn kan vere retta både eksternt ut av organisasjonen, eller internt i organisasjonen, for å gje styret ei politisk plattform i ulike saker.

Styret i Noregs Ungdomslag legg fram **3** fråsegner for landsmøtet, og inviterer i tillegg utsendingane til å fremje forslag til fråsegner som landsmøtet skal ta stilling til. Nærare fristar for å levere fråsegner blir regulert av forretningsorden for møtet.

Utkast til fråsegner vert ettersendt.

Det er redaksjonskomiteen som innstiller på vedtak av dei ulike fråsegnene.

Landsmøtet Noregs Ungdomslag 2023

Oslo 29.-30. april



Sak 7 Innkomne saker

Det har kome inn framlegg til ei sak til landsmøtet frå Eidsiva Ungdomslag. Framlegget er som følgjer:

Gjenopprett Folkedansråd i Noregs Ungdomslag

– forslag til Landsmøte i Noregs Ungdomslag 2023 fra Eidsiva fylkeslag

Begrunnelse

Folkedansarbeidet i Noregs Ungdomslag – i særlig grad arbeid med turdans, runddans og sangdans, men også bygdedans – har lang historie og har vært grunnpilaren i organisasjonen gjennom mange, mange år. Folkedansarbeidet har vært et særmerke for Noregs Ungdomslag og er det fortsatt. Svært mange av laga i Noregs Ungdomslag driver med folkedansaktivitet for barn, ungdom og voksne og mange lag har folkedans som hovedaktiviteten sin. Dette er situasjonen også for laga i Eidsiva fylkeslag.

Noregs Ungdomslag forvalter arven etter Klara Semb med hennes rettleiingsbøker og med revideringsarbeid til Norske folkedanser - Songdansar og Turdansar - samt innspilt musikk til dansene og har ansvaret for ivaretakelse av denne kulturarven.

Noregs Ungdomslag har dessuten gjennom åra utarbeida en unik

Instruktøroplæringsmodell og metodikk - det er gjennom over 100 år utviklet metoder for opplæring i og rettleiing av folkedans, som står seg den dag i dag. Det er ingen andre organisasjoner som har turdans og sangdans som arbeids- og fagområde og det ingen andre organisasjoner som driver systematisk instruktøroplæring i folkedans fra sentralt hold.

Etter at fagråda i Noregs Ungdomslag ble nedlagt og det heller ikke avholdes fagmøter der folkedansinteresserte og tillitsvalgte innafor området kan møtes, har folkedansarbeidet blitt ivaretatt av styret og ansatte (rådgjevar) i Noregs Ungdomslag. Selv om det blant styremedlemmene er flere som har folkedansbakgrunn, er styret likevel ikke et fagråd for folkedansen. Styret må jobbe med - og engasjere seg i - alle typer saker som Noregs Ungdomslag skal gå inn i.

Det er skjørt at arbeidet med folkedansen blir styrt av den som er ansatt som rådgjevar og at dette arbeidet ikkje er tilstrekkelig demokratisk forankret i organisasjonen nå. Det er ikke noen forklainelse for den ansatte på feltet,

Landsmøtet Noregs Ungdomslag 2023

Oslo 29.-30. april



rådgjevarstillinga er i seg sjøl svært viktig i Noregs Ungdomslag, men dette fører til at folkedansarbeidet blir primært styrt av den ansatte og et styre som også har svært mange andre oppgaver og ikke kan ivareta fagområdet folkedans på en god nok måte.

Det er bare Noregs Ungdomslag som har de nevnte dansetypene som arbeidsområde og har leikarringer for barn, ungdom og voksne der disse dansene er de primære danseformene og den primære aktiviteten. Vi er redde for at arbeidet med - og kunnskapen om – og forvaltningen av - folkedansarven etter Klara Semb samt instruktøroplæringsmetodikken- og modellene, vil være i fare.

Vi ser at det kan være kostnader forbundet med å (gjen)opprette et Fagråd i folkedans, men det må være mulig å tenke digitale løsninger for arbeidet i et slikt fagråd, slik vi nå har hatt god erfaring for på flere områder gjennom pandemien. Uansett er folkedansen som fagfelt så viktig at det må prioriteres og ivaretas i Noregs Ungdomslag i større grad og på annen måte enn i dag.

VURDERING FRÅ STYRET

I folkedansstrategien vedteke i 2021 står følgjande:

Faglege råd

- NU skal bli fagleg sterkare innad i organisasjon, samt formidle fagleg tyngde utad
- NU skal utvikle og synleggjere fleire ressurspersonar og førebilete innan folkedans

NU treng å ha eit større fokus på faglegheit, forankre dette i organisasjonen og formidle fagleg tyngde utad. For å sikre ei god fagleg tyngde trengst det fleire ressurspersonar som kan bidra inn i denne utviklinga. Det bør opprettast eit nytt folkedansråd som består av både tilsette og tillitsvalde eller andre ressurspersonar med sterk kompetanse på feltet. Slik sikrar ein kontinuitet, framdrift og at den tilsette rådgjevar alltid har nokon å spele ball med for å utvikle folkedansarbeidet i NU vidare. Dette fagrådet bør ha ei sentral oppgåve i å skipe til eit årleg folkedansforum og idémlydre kring til ei kvar tid aktuelle tiltak og satsingar for folkedansen.

Styret vedgår at denne strategien er ikkje fulgt godt nok opp sidan 2021, men iversetting av strategien og gjennomføring av tiltak er lagt inn i handlingsplanen for 2023. Framlegget ber difor om noko som allereie ligg i strategien, men dessverre ikkje har kome godt nok i gong og spreidd i organisasjonen.

Landsmøtet Noregs Ungdomslag 2023

Oslo 29.-30. april



Det er planlagd styresak om korleis ein skal følgje opp folkedansstrategien til styremøtet i juni 2023.

Framlegg til vedtak:

(kjem i møtet)

Landsmøtet Noregs Ungdomslag 2023

Oslo 29.-30. april



Sak 8 Val

Valnemnda kjem med framlegg på val av medlemmar og varamedlemmar til styret i Noregs Ungdomslag, samt til revisor. Styret innstiller på val av ny valnemnd. Valnemnda som vart valt på landsmøtet i 2022, og som har i oppgåve å levere innstilling til landsmøtet, har vore samansett slik:

Håvard Ims (1982), leiar
Tone Sjølander Eidsvold (1947)
Tor-Steinar Fromreide (1953)
Daniel Aarvik (2004)
Helge Venås Flægstad (1987)

1. vara: Cecilie Rørstad (1979)
2. vara: Oddvar Eriksen (1957)
3. vara: Reidun Synnøve Flatøy (1968)

Rogaland Ungdomssamlag
Eidsiva Fylkeslag
Vest-Agder Ungdomslag
Hordaland Ungdomslag
Sør-Trøndelag Ungdomslag

Sunnmøre Frilynde Ungdomssamlag
Troms Ungdomsfylking
Nordmøre og Romsdal Ungdomslag

Valnemnda arbeidde i fysiske og digitale møter, på e-post og telefon igjennom perioden sin.

SAK 8.1 VAL AV LEIAR

Torbjørn Bergwitz Lauen (1990) Bygdelagssamskipnaden Attval, 1 år

SAK 8.2 VAL AV STYRE OG ARBEIDSUTVAL (AU)

Tone Mjelde (1990)	Hordaland Ungdomslag	Ikkje på val	Politisk nestleiar/AU-medlem
Terje Svindseth (1969)	Bygdelagssamskipnaden	Attval, 2 år	Org. nestleiar/AU-medlem
Irene Dahl (1971)	Troms Ungdomsfylking	Ikkje på val	Styremedlem/Vara til AU
Ida Skulstad Haugen (2003)	Hordaland Ungdomslag	Ikkje på val	Styremedlem/Vara til AU
Bjørn Arve Moen (1974)	Inn-Trøndelag USL	Attval, 2 år	Styremedlem
Nina Byttingsmyr (1993)	Aust-Agder Ungdomslag	Attval, 2 år	Styremedlem
Marit Kvamen (1993)	Hordaland Ungdomslag	Attval, 1 år	1. vara til styret
Torgeir T. Fiane (1985)	Aust-Agder Ungdomslag	Attval, 1 år	2. vara til styret
Siri Mæland (1974)	Sør-Trøndelag Ungdomslag	Attval, 1 år	3. vara til styret

Landsmøtet Noregs Ungdomslag 2023

Oslo 29.-30. april



SAK 8.3 VAL AV REVISOR

Framlegg til vedtak:

RSM Norge AS blir valgt som revisor for Noregs Ungdomslag for rekneskapsåret 2023.

SAK 8.4 VAL AV VALNEMND

Styret innstiller på val av følgjande valnemnd

Følgjande posisjonar er på val i år:

Leiar (1 år): Helge Venås Flægstad (1987)

Medlem (2 år): Charlotte W Pedersen (2001)

Sør-Trøndelag Ungdomslag

Nordland Ungdomslag

1. vara (1 år): Cecilie Rørstad (1979)

Sunnmøre Frilynde Ungdomssamlag

2. vara (1 år): Oddvar Eriksen (1957)

Troms Ungdomsfylking

3. vara (1 år): Reidun Synnøve Flatøy (1968)

Nordmøre og Romsdal Ungdomslag

Følgjande kandidatar er ikkje på val i år:

Tone Sjølander Eidsvold (1947)

Eidsiva Fylkeslag

Tor-Steinar Fromreide (1953)

Vest-Agder Ungdomslag

Daniel Aarvik (2004)

Hordaland Ungdomslag

Landsmøtet Noregs Ungdomslag 2023

Oslo 29.-30. april

